

Fråsegn frå årsmøte i Sogn og Fjordane Venstre, Hornindal 12. februar

**Til Kommunal- og regionaldepartementet ved
Kommunal- og regionalminister Åslaug Haga**

Regionalisering; Innhaldet først, deretter folkerøysting om grenser

Regjeringa planlegg ei gjennomgripande regionreform som skal setjast i verk frå 1.1.2010. Før grensene for dei eventuelt nye regionane skal fastsetjast, må innhaldet avklarast. Sogn og Fjordane Venstre har tidlegare markert seg mot å legge vårt fylke inn under ein større region saman med nabofylke.

Dersom samanslåing til større regionar likevel skal gjennomførast, meiner Sogn og Fjordane Venstre det er eit vilkår at sjukehusa vert attendeførde til regionsnivået. Utan dette vert det lite meiningsfylt å diskutera ein slik regionsreform.

Sogn og Fjordane Venstre ønskjer at deltaking i ein eventuell storregion skal leggjast ut for folkerøysting.